

## Skjemainformasjon

Referanse 189806  
Innsendt 15.10.2008 23:32:07

## Opplysningar om søkjar

Søkjar  
Namn på organisasjonen De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum  
Leiar for institusjonen Aage Engesæter  
Postadresse Vestreim  
Postnummer / Poststad 6854 Kaupanger  
Tlf. til organisasjonen 57678206  
Kontaktperson for prosjektet Aage Engesætter  
Tlf. til kontaktperson 57678206  
E-post til kontaktperson aagee@dhs.museum.no  
Nettstad <http://www.dhs.museum.no>  
Org. Nr 960569938

## Opplysningar om prosjektet

Prosjekt  
Søknaden gjeld Utvikling av digitalt innhald og tenester  
☎ "Digitalt fortalt – kulturminne på nett"  
Tittel på prosjektet SLUSKEN FORTEL

### Samandrag av prosjektet

SLUSKEN FORTEL er film og digitale forteljingar om kraft-rallaren frå Årdal, formidling av viktige og spennande historier og kulturminne frå anleggstida til Tyinutbygginga i Årdal. Prosjektet skal gjennom gamle arkivbilde, eldre lyd- og video-opptak av anleggsarbeidarar frå Årdal, samt nye bilde og filmatiseringar, dokumentere og formidle desse kulturminna. Formidlingskanalane vil vere film og digitale forteljingar.

### Prosjektomtale

Hydro Energi legg no planar for å byggje nye inntak og nytte ut Holsbruvatnet for å vidareføre kraftproduksjonen i gamle Tyin kraftverk. Heirsnosvegen og historia kring den er unik, og anlegget er eit byggverk av nasjonal historisk storleik og betydning. Dette gir ein unik mulighet til å gjennomføre eit visuelt dokumentasjonsprosjekt over anlegget og historia knytta til denne.

Prosjektet SLUSKEN FORTEL vil vere både eit film- og opplevelsesprosjekt med " Rallaren som vegvisar" , samt eit dokumentasjons- og formidlingsprosjekt. Utgangspunktet har vore å utarbeide eit komplett, visuelt oversyn for ulike arkiv- og dokumentasjonsføremål. Vi vil nytte ein kombinasjon mellom gamle fotos, nye fotos og film for å gje eit best mogeleg tilfang for å kunne dokumentere sjølve vegen, dei ulike vegrelaterte og vasskraftrelaterte kulturminna her, og historia elles kring byggjing og bruk.

### Veg og utsyn

Utsynet frå dei ulike stadane på vegen opp og innover fjellet står ikkje tilbake for noko anna veganlegg/fjellovergang her i landet! Opp alle hårnålsvingane mot " 1000-meteren" har ein utsyn bratt ned mot Øvre Årdal og Årdalsvatnet. Vidare nordover ser ein innover Jotunheimen og det mektige øksehogget Utladalen. Vegen slyngar seg så langs dei bratte fjellsidene over Holsbruvatnet, og vidare innover Tyedalen for ein kjem ned att på hovudvegen.

Vegen vart bygd med "handemakt", og prosjektet må såleis også dokumentere tidsbruk, arbeidsprosessar og dei teknikkar som vart nytta. Vegprosjektet stod ferdig like før krigen, men vart påstarta for snart hundre år sidan, i 1910. Det aller meste av vegen er i opprinneleg stand, med unnatak av enkelte forbedringar og støypekantar. Men vegen framstår som original med sine murar, stabbesteinar og grusdekke. Fleire tusen meter tunnelar er drivne for hand, og bygginga av hovudkraft-tunnelen med si fallhøgde på 900 meter var utfordrande.

## Dokumentasjon

Arkivbilder Det finst eit godt lokalt tilfang av gamle bilder som vi ynskjer å ta med i prosjektet.

Nye bilder. «Alle» aktuelle dokumentasjon-punkt langs vegen; murar, tunnellar, bruer, kulturminne som deponi, bygningar m.m.

Filmarkiv. 10 anleggsarbeidarar og kokker frå Årdal er intervjuet på video tidleg på 80-talet. Alle desse er borte no, men materiale herfrå vil bli nytta både som kjeldetilfang, direkte i filmen og som eigne mindre digitale forteljingar.

Ut frå ein første befaring av vegen/området vil vi estimere talet på aktuelle og interessante dokumentasjons-punkt til ein stad kring 70-80. Vegen imponerer og krydra med alle kulturminna her vil dette bli ein omfattande dokumentasjon.

Dette vil t.d. omfatte:

- sjølve vegen, svingane, m.m.
- murar (handmurte støttemurar m.m.)
- bru-konstruksjonar
- vegtunnell (handdriven)
- ulike detaljar som stabbesteinar, bekkeløp, etc.
- bygningskonstruksjonar (Vaktarboligen og det monumentale Tårnet som kneisar ved 1000-meteren.
- dei mange brakkefundamenta/murfundamenta som vitnar om ein omfattande anleggsaktivitet over tid.
- tunnell-inntak og massedeponi
- landskapet og naturen i kring. Utsiktspunkt.

## Opplevelsesfilm

Prosjektet SLUSKEN FORTEL skal både vere både ein opplevelsesfilm og eit dokumentasjons- og formidlingsprosjekt, gjennom bruka av nettformidla digitale forteljingar. Filmen skal produserast som ein doku-drama opplevelsesfilm på 15-18 minutt. Den vil vere dokumentarisk i formen, men med dramatiseringar av viktige element eller hendingar. Filmatiseringa vil skje gjennom augene til rallaren Karl, der notid og fortid glir saman gjennom hans forteljing anno 1910-32, samt filmatisert notid i kombinasjon med gamle bilder og eldre intervju.

Rallaren Karl sit på ein stein ved eit gamalt tunnel-inntak høgt oppe i dalsida over Øvre Årdal. Han fortel historia si, om den gongen for snart 100 år sidan han jobba på veg- og kraftanlegget, Heirsnosvegen og Tyinfallene. Han fortel om løn og matpeng, om slit og fritid, om arbeidsmetodar, om brakkeliv og kokker, om den gongen salva gjekk av når dei skulle tine opp den frosne og ustabile dynamitten, og om skiturane heim att vinterstid.

Dette gir oss dynamikk og muligheit for å flytte oss mellom dei ulike tidsplana. Tema og historia eignar seg glimrande som ein doku-drama film; vi kan levandegjere historia, gje liv til murane og brakkene, gjennom å fortelje om livet der, slitet og arbeidsteknikkane, etc. Fokus skal vere rallaren si historie, om vegen og industribygginga i Årdal. Dramatiseringar skal skje ved hjelp av skodespelarar og bruk av lokale statistar.

Gjennom å syne samanhengar og visualisere prosessar, vil dette gi ein heilskapeleg framstilling av vegen og kulturminna. Vidare vil vi vurdere bruk av andre element som

animasjon og grafiske effektar (Eksempelvis: visualisere brakker/hus på eksisterande inntakte grunnmurar som framleis står). Avhengig av kva opplegg som blir valt, kan vi tenke oss bruk av "originale" lydkulissar (lydmiks som gir bilde liv og realisme), kommentarar/intervju, historier om bygginga og bruken av vegen og anlegget. Musikk som vil løfte prosjektet, vil vi truleg hente frå eminente årdalsmusikarar som Seglem og Høgemo.

#### Digitale forteljingar

Dette materialet vil også danna basisen for ei rekke digitale forteljingar som vil bli utvikla og presentert på Internett. Det er denne delen av prosjektet vi søker ABM-utviklingsmidlar til. Grunnlagsdokumentasjonen og råmaterielet vil vera det same både for film og digitale forteljingar. Det vert her snakk om å nytte to ulike formidlingsformer i formidlinga av dette viktige kulturhistoriske stoffet.

#### Målgrupper og bruksområde

Ser for oss at produktet skal munne ut i ein høgkvalitets film i digitalt format.

Prosjektet skal munne ut i ein "permanent" visningsfilm som kan synast i Årdal, separat eller i samband med utstillingar. Aktuelle visningsstader lokalt i Årdal vil vere

Gamle pumpehus, Sletterust

Gamle kraftstasjon, Årdal

Utladalen naturhus, Årdal

Kino/skule/kulturelle skulesekken

Målgrupper vil vere lokalbefolkning, turistar og andre.

Den vidare distribusjonen av filmen og øvrigt tilrettelagt materiale vil bli presentert som digitale forteljingar på nettet. Heile filmen og deler av denne vil kunne lastast ned saman med det øvrige tilfanget som blir tilrettelagt. Gjennom digitale interaktive kart skal ein kunne hente ut mindre filmsnuttar, gamle og nye bilder, lydklipp, knytta opp mot det enkelte kulturminne-punkt langs vegen og anlegget.

## Framdriftsplan

Framdriftsplan for heile prosjektperioden

Startdato 01.02.2009

Sluttdato 31.12.2009

#### Aktivitetplaner

Tittel	Frå dato	Til dato
Kjeldemateriale, research og ideutvikling. Manus	01.02.2009	31.05.2009
Innspeling film, dokumentasjon og dramatiseringar.	01.06.2009	31.08.2009
Redigering, grafikk, lyd, digitalisering	01.09.2009	31.12.2009
Utvikling av digitale forteljingar for Internett	01.09.2009	31.12.2009

Andre opplysningar/kommentarar om framdrifts-/aktivitetsplan.

## Samarbeidspartnarar

Har du ein samarbeidspartnar?

Ja

### Samarbeidspartner 1

Namn

Årdal kommune

Formell avtale?

Nei

Postadresse

Postboks 40,

Postnr / Poststad

6881 Årdalstangen

Kontaktperson

Steinar Læg Reid

Tlf. til kontaktperson

57665060

E-post til kontaktperson

slae@ardal.kommune.no

Rolle

Årdal kommune er initiativtakar til prosjektet, og vil gjennom skular og kulturetat vera med i research- og ideutvikoingsfasen. og vil også delta aktivt i formidlinga av digitale forteljingar gjennom heimesider til kommune og skular. Det er ikkje gjort formell avtale med kommunen, men dette vil bli gjort om prosjektet vert finansiert.

### Samarbeidspartner 2

Namn

Fjordfilm

Formell avtale?

Nei

Postadresse

Galden næringsområde

Postnr / Poststad

6886 HAFslo

Kontaktperson

Johnny Flaten

Tlf. til kontaktperson

57682300

E-post til kontaktperson

johnny@fjordfilm.no

Rolle

Fjordfilm vil vera teknisk produsent for filmen og dei digitle forteljingane. Fjordfilm er eit lite og fleksibelt filmproduksjonsselskap lokalisert på Hafslo i Luster. Oppdraga omfattar eigen produksjon av film og video, og produksjon for utanlandske filmselskap som kjem til Norge. Viktige lokale kundar har m.a. vore Lerum, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Statens Vegvesen. Viktige utanlandske kundar har vore ulike europeiske selskap som BBC, CH4, ITN, October Films, Polyphon, m.fl. Fleire av desse prosjekta har vore doku-drama TV-filmar, t.d filmar om Scott til Sydpolen, og Amundsen gjennom Nordvestpassasjen. Det er ikkje inngått formell avtale, men dette vil bli gjort om prosjektet vert finansiert.

## Prosjektbudsjett

Prosjekt

Eittårig eller fleirårig prosjekt? Eittårig

### BUDSJETT FOR FØRSTE ÅR

#### Utgifter

Kva	Spesifikasjon	Sum
Personalkostnader (lønn/overhead)	Statistar/aktørar	kr 50 000,00
	Planlegging/research/manus	kr 80 000,00
	Postprod/digital tilrettelegging	kr 225 000,00
	Innspelingsteam film	kr 120 000,00
Varer/utstyr	Utstyrsløse film	kr 75 000,00
	Foto stills	kr 25 000,00
Tjenester kjøpt av andre	Musikk/lyd	kr 60 000,00
	Regi- produsentarbeid	kr 200 000,00
Andre utgifter (spesifiser)	Reise/øvrige kostnader	kr 40 000,00
	Grafikk/spesial/innspelingskostnader	kr 50 000,00
	Uforutsette kostnader (5%)	kr 46 250,00
<b>Totale utgifter</b>		<b>kr 971 250,00</b>

#### Inntekter

Spesifikasjon	Tilskot stadfesta?	Sum
<u>Søknadssum ABM-utvikling</u>		<u>kr 280 000,00</u>
Årdal kommune	Nei	kr 100 000,00
Sparebanken Vest	Nei	kr 200 000,00
Sogn og Fjordane sparebank	Nei	kr 100 000,00
Indre Sogn Sparebank	Nei	kr 100 000,00
Hydro Aluminium	Nei	kr 100 000,00
Eigenfinansiering	Ja	kr 91 250,00
<b>Totale inntekter</b>		<b>kr 971 250,00</b>

#### Kommentar til budsjett neste år

Dette er totalbudsjettet for heile prosjektet. Vi føreset at ABM-utvikling sitt bidrag vert øyremerkta til arbeidet med dei digitale forteljingane. Mykje av arbeidet med filmen og dei digitale forteljingane vil gå over i kvarandre og vera felles. Dei to formidlingsformene vil ha ein felles fagleg og innhaldsmessig basis, og grunnlagsarbeidet for begge presentasjonsformene vil vera felles. Det er uråd å gå inn å skilja alle postar mellom film og digitale forteljingar. Søknadssummen er basert på eit rimeleg overslag over dei digitale forteljingane sin plass i det totale kostnadsbiletet.

## Vedlegg

Ingen vedlegg lasta opp